

STORTINGETS OMBUDSMANN
FOR FORVALTNINGEN

MOLLERGT 4
TELEF: 22 43 74 20
TELEFAKS: 22 33 23 26

AMH - AKN

Saksnr.	Dok.nr.
2010/16412-9	
Arkiv	40

AKN

Aukis

H/ps. 5

OSLO, 28. august 1997

POSTADR. POSTBOKS 8028 DEP.

0030 OSLO

FISKERISJEFEN I HORDALAND	
ARK.NR.	H/ps. 5 + 582.7 + 1.3.1
29 AUG 1997	
SAK NR.	DOK. NR.
520/97	3
U.O.S	TLH

Fiskerisjefen i Hordaland
Boks 4122 Dreggen
5023 BERGEN

Sak 97-0471B.1AH (Bes oppgitt ved svar)
AH/th

Deres ref.:

**SAKSHANDSAMINGSTIDA I KLAGESAK OM ETABLERING AV
FISKEOPPDRETTSANLEGG - KLAGE FRÅ SVERRE SKJELBREID OG STEINAR
FURHOVDE**

Eg viser til tidlegare korrespondanse, sist Fiskerisjefen i Hordaland si oversending 19. august 1997 per telefaks av brev 18. august 1997 frå fiskerisjefen til Fiskeridirektoratet. Eg viser òg til brev 4. august 1997 med vedlegg frå fiskerisjefen, sendt ombodsmannen over telefaks 5. august 1997, telefonsamtalar 1. og 5. august 1997 mellom fiskerisjef Terje L. Magnussen og førstekonsulent Arnhild Haugestad hjå ombodsmannen, samt telefonsamtalar 5. august 1997 mellom sakshandsamar Olav Nyholmen hjå fiskerisjefen og førstekonsulent Haugestad, der sistnemnde bad fiskerisjefen sende over nokre dokument i saka. Dokumenta vart mottekne her same dag per telefaks.

Saka gjeld sakshandsamingstida i klagesak om etablering av fiskeoppdrettsanlegg ved Furhovde i Kvam herad.

Saka er i korte drag:

Tombre Fiskeanlegg A/S fekk løyve til fiskeoppdrett ved Sagvik/Mjånes ved Fiskerisjefen i Hordaland sitt vedtak 10. mai 1995. Vedtaket vart påklaga 2. juni 1995 av advokatfirmaet Thommessen Krefting Greve Lund AS på vegner av Sverre Skjelbreid og Steinar Furhovde.

Skjelbreid og Furhovde vende seg til ombodsmannen i brev 5. og 6. mars 1997 med klage over fleire forhold i samband med etablering av fiskeoppdrettsanlegget. Herifrå vart det mellom anna bestemt å undersøkje nærare klage over sein sakshandsaming hjå Fiskerisjefen i Hordaland.

I brev 18. mars 1997 herifrå til Fiskerisjefen i Hordaland bad ein om å få opplyst om det var rett at fiskerisjefen framleis ikkje hadde handsama klagen 2. juni 1995 og kva som i så fall var årsaka til at sakshandsaminga hadde teke så lang tid.

Fiskerisjefen i Hordaland svara slik på spørsmål om sakshandsamingstida i brev 26. mars 1997 til ombodsmannen:

"Handsaminga av klaga frå advokatfirmaet Thommessen Krefting Greve Lund av 02.06.1996.

1. Spørsmålet om å gje klaga oppsettjande verknad blei relativt raskt handsama frå vår side. (15.06.1996).

Vi følgde ikkje klagaren sitt krav, og i dette ligg sjølvstakt at vi ikkje fann argumenta særleg tungtveidande.

Frå min side må det strekast under at vi hadde hatt ei grundig vurdering av det syn som var forfekta av herrane Skjeldbreid og Furhovde i forkant av vedtaket om å gje løyve.

Sjå m.a. referat frå synfaring 25.04.95. (Det er berre unntaktsvis vi drar i felten på denne måten, før det blir tatt avgjerd i oppdrettssaker).

Vedlegg 1

I vårt skriv av 15.06.1995 vert det sagt at "Fiskerisjefen i Hordaland vil behandle klagen innan medio juli 1995, hvor etter De vil få klageinnstillingen til uttalelse".

Eg ber om orsaking for at vi brukte denne formuleringa. Det som var meint var at vi ville vurdere saka på nytt frå vår eige ståsted, når vi fekk studert skrivet frå advokatfirmaet. Sjølv var eg akkurat reist på ferie, då vårt første svar vart sendt.

*

Klaga blei vurdert i juli 1995, men ho hadde ikkje nye moment som fekk oss til å gå frå det opprinnelege standpunktet.

Vi valde følgjeleg å vente på klagehandsaminga etter Forureiningslova og etter Hamnelova. (Kvam Herad, Kystverket 2. distrikt og Miljøvern avdelinga hos Fylkesmannen fekk kopi av vår avgjerd om ikkje å gje oppsettjande verknad).

2. Advokatfirmaet Thommessen m.fl. etterlyste vår klagehandsaming ved sitt skriv dagsett 10.10.1995.

Vi svarte 16.10.1995 at vi på vanleg måte ville vente på svar frå SFT og Kystdirektoratet, før vi fremma vår klageinnstilling.

Vi høyrde ikkje meir frå advokatfirmaet og trudde då at klagarane ville akseptere dette.

Sjå vedlegg 2

Eg må elles leggje til at nemnde advokatfirma også blei orientert direkte av Kystverket 2. distrikt og Miljøvernavdelinga.

Sjå vedlegg 3

3. Frå vår side blei klagesaka etterlyst ved skriv til Fylkesmannen i Hordaland og Kystverket 2. distrikt datert 29.04.1996.

Vi fekk då svar frå Fylkesmannen (06.06.1996) om at SFT allereie hadde handsama saka i 1995 og at klagarane ikkje hadde fått medhald.

(Vi har notert oss at klagerutinane til miljøvernforvaltninga ikkje er tilfredsstillande og skal ta opp dette seinare).

Sjå vedlegg 4

Når det gjeld handsaminga etter Hamnelova, tok vi i mai 1996 munnleg kontakt med Kystverket 2. distrikt. Det blei sagt at saka var ekspedert til Kystdirektoratet for lang tid sidan, og det var gjort fleire purringar. (Kystverket 2. distrikt fann ikkje grunn til å endre vedtaket).

4. Eg må berre sei meg lei for at denne klagesaka har dradd ut i tid og at vi ikkje i endå større grad har purra på handsaminga som gjeld Hamnelova.

Den 25.03.1997 sende vi eit nytt skriv til Kystverket, og vi vil ta saka opp med Fiskeridepartementet, om det ikke blir reagert umiddelbart."

Brevet frå fiskerisjefen vart oversendt klagarane til orientering og for eventuelle merknader i brev herifrå 8. april 1997. Dei har ikkje kome attende til denne sida av saka.

Det går fram av brev 4. august 1997 frå fiskerisjefen til ombodsmannen at Kystdirektoratet fatta vedtak 16. mai 1997 i klagesaka etter Hamnelova. Fiskerisjefen fekk likevel ikkje kopi av vedtaket før han purra på saka i brev 30. juli 1997 til Kystdirektoratet. Fiskerisjefen tok imot Kystdirektoratet sitt vedtak 4. august 1997 og opplyste i brev 5. august 1997 hit at han rekna med å ha sin klageinnstilling klar i løpet av ei veke. Det går fram av oversending hit 19. august 1997 at fiskerisjefen sende klageinnstillinga til Fiskeridirektoratet i brev 18. august 1997.

Eg ser slik på saka:

Ombodsmannen er frå andre saker kjent med at handsamingstida i klagesaker om oppdrettsløyve kan vere uheldig lang.

Det går fram at hovudårsaka til at denne saka har dradd ut så mye i tid er at Fiskerisjefen i Hordaland har venta på klageavgjerd i Kystdirektoratet før han fann å kunne gje si klageinnstilling. Handsaminga av klagen i Kystdirektoratet har ikkje vorte undersøkt herifrå, og det er såleis berre fiskerisjefen sin handsaming av saka som eg vil uttale meg om.

Fiskerisjefen i Hordaland

4

Eg har merka meg at fiskerisjefen i brev 26. mars 1997 hit har bede om orsaking for at det i skriv 15. juni 1995 til advokatfirma Thommessen Krefting Greve Lund AS vart sagt at "Fiskerisjefen i Hordaland vil behandle klagen innan medio juli 1995, hvor etter De vil få klageinnstillingen til uttalelse". Fiskerisjefen har i brev 26. mars 1997 til ombodsmannen forklart formuleringa i skrivet til advokaten med at ein meinte at "vi ville vurdere saka på nytt frå vår eige ståsted, når vi fekk studert skrivet frå advokatfirmaet".

Fiskerisjefen kom likevel ikkje attende til saka med orientering om sin eigen ståstad innan medio juli 1995. Det var først då advokaten purra på klageinnstillinga i brev 10. oktober 1995 til fiskerisjefen at han i brev 16. oktober 1995 frå fiskerisjefen vart orientert om at handsaminga av klagen var stilt i bero medan ein venta på klagehandsaminga i SFT og Kystdirektoratet. Fiskerisjefen har bede om orsaking for formuleringa i skrivet, men det må òg kritiserast at fiskerisjefen ikkje kom attende med ei forklaring på kor saka stod etter juli 1995, før advokaten purra 10. oktober 1995.

I brev 29. april 1996 til Fylkesmannen i Hordaland og Kystverket 2. distrikt orienterte fiskerisjefen om at han venta på avgjerd i klagesakene der og bad om å få vite kor langt ein var kome i klagehandsaminga. Brevet vart sendt nær elleve månader etter at klagen kom inn til fiskerisjefen og litt over eit halvt år etter at fiskerisjefen orienterte advokaten om at ein venta på endelege vedtak i SFT og Kystdirektoratet. Etter mitt syn burde fiskerisjefen umiddelbart kontakta dei andre forvaltningsorgana då han vart kjent med klagane dit. Forholdet må kritiserast.

Fiskerisjefen fekk svar frå fylkesmannen i brev 6. juni 1996 om at SFT allereie hadde handsama saka og truffet endeleg vedtak 20. oktober 1995. Det framgår at fiskerisjefen tok munnleg kontakt med Kystverket 2. distrikt 6. mai 1996 og fekk opplyst at saka var ekspedert til Kystdirektoratet for lang tid sidan.

Eg legg til grunn at fiskerisjefen ikkje gjorde noko meir i saka før ombodsmannen tok ho opp i brev 18. mars 1997. I svarbrevet 26. mars 1997 til ombodsmannen sa fiskerisjefen seg lei for at ein ikkje i større grad hadde purra på handsaminga som gjaldt Hamnelova, og at han ville ta saka opp med Fiskeridepartementet umiddelbart dersom kystverket ikkje reagerte på purring 25. mars 1997 frå fiskerisjefen. I telefonsamtale med sakshandsamer hjå ombodsmannen bekrefta fiskerisjef Terje L. Magnussen at han tok saka opp munnleg med Fiskeridepartementet, og han rekna med at dette gjorde at avgjerda i Kystdirektoratet kom i vedtak 16. mai 1997.

Eg må kritisere at fiskerisjefen ikkje var meir aktiv når han venta på avgjerda frå Kystdirektoratet. Eg kan forstå at det har vore vanskeleg for fiskerisjefen å presse fram ei avgjerd i kystverket, men av den grunn burde fiskerisjefen på eit tidlegare tidspunkt kontakta eigne overordna organ i saka.

Saka reiser elles spørsmål om rutinane for sakshandsaming og kontakt mellom dei ulike forvaltningsorgana i saker om oppdrettsloyve som eg vil vurdere å ta opp på generelt grunnlag med Fiskeridepartementet.


Fiskerisjefen i Hordaland

5.

Saka er med dette avslutta her.

Dei utlånte saksdokumenta følgjer attende.

Med venleg helsing



Arne Fliflet

Vedlegg

Gjenpart: Sverre Skjelbreid og Steinar Furhovde